

## Vidareutvikling av muskarordningane i Vestland

### Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i sak 2020/67 ei utgreiing av muskarordningane i Vestland fylke. Som eit resultat av utgreiingsarbeidet tilrår fylkesdirektøren å kartlegge interessa for ei utviding av distriktsmuskarordninga. Samla ressurs i fylkesmuskarordninga bør vurderast integrert i distriktsmuskarordninga, og det er behov for stillingar innan folkedans. Fylkeskvoten, muskarressurs knytt til distriktsmuskarordninga, vert tilrådd å omfatte heile fylket. Vidare er det ynskjeleg å etablere arenaer for samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikklivet, og for arkiv og museum med fokus på folkemusikk og immateriell kulturarv.

### 1 Bakgrunn for saka

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i sak 2020/67 (21.04.20) at det skulle gjennomførast eit utgreiingsarbeid for vidareutvikling av muskarordningane i Vestland fylke. I samsvar med vedtaket vert utgreiingsarbeidet no lagt fram til politisk handsaming. Arbeidet har vorte gjennomført i avdeling for kultur, idrett og inkludering, i eit samarbeid mellom seksjonane kulturformidling, kunst- og kulturutvikling og arkiv. I arbeidsgruppa deltok Siri Ingvaldsen, Ronny Skaar, Wenche Gausdal, Lars Grøteide, Synnøve S. Bjørset og Øyvind Lyslo (sakshandsamar).

Det har vore gjennomført to digitale møte, i mai og august, med deltaking frå Vestland musikkråd, Sogn og Fjordane folkemusikklag, Hordaland folkemusikklag i tillegg til vertskommunane for distriktsmuskarordninga, Opera Nordfjord, Førdefestivalen, Voss Herad, Ole Bull Akademiet, hardingfela.no og Hardanger Folkemuseum.

Bakgrunnen for utgreiingsarbeidet er Vestland fylkeskommune sitt ansvar og medansvar for to muskarordningar. *Fylkesmuskarordninga* er ei ordning for forvaltning og formidling av folkemusikkarven i fylket. I dag er to fylkesmusikarar tilsette i ordninga, med ein samla stillingsressurs tilsvarande 1,5 fulle stillingar. I tillegg står ei halv fylkesmusikarstilling vakant, og vert vurdert inndregen som del av innsparingstiltak i fylkeskommunen. Vidare har fylkeskommunen samarbeid med fem vertskommunar om *distriktsmuskarordninga*. Distriktsmusikarane er tilsette i kommunane, men fylkeskommunen har avtale om oppfølging og refusjon til distriktsmuskarordninga i Sogn og Fjordane, og går inn med tilskot til ordninga i Hordaland. Fylkesmuskarordninga i Sogn og Fjordane vart i 2013 vedteken

omorganisert til distriktsmusikarstillingar, slik at distriktsmusikarordninga no tel 20 musikarar der fem har folkemusikk som arbeidsfelt.

Arbeidsgruppa har i dialog med vertskommunane, brukarane av musikarordningane og interesseorganisasjonane sett nærare på korleis musikarordningane kan vidareutviklast i eit samla Vestland fylke.

## 2 Forankring i lovverk, kulturplanar og strategiar

### 2.1 Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027

Planen seier innleiingsvis noko om det overordna målet for den nye samanslåtte fylkeskommunen, der det m.a. heiter at den nye fylkeskommunen skal vere *«ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under folkevald styring»* (s. 3). Eit av hovudmåla for samanslåinga handlar soleis om *«forsterking av kultur og identitetsbygging på tvers av tidlegare fylkesgrenser, og markering av Vestland fylkeskommune som ein tydeleg kulturaktør»* (s. 3).

I målsetjingane i planen vert det m.a. lagt vekt på utvikling av samarbeidet mellom kulturskulane og det frivillige musikklivet. Folkemusikken sin plass i kulturlivet vert framheva, og ein skal sikre at folkemusikkstillingar vert integrerte i distriktsmusikarordninga. Det er vidare eit mål at fleire profesjonelle musikarar etablerer seg i fylket. Dette vil gjere det mogleg å utvikle samarbeidet mellom kulturskulane og dei fylkesdekkande opplæringstilboda innan musikk, dans og drama. Eit anna punkt rettar seg mot å sikre gode vilkår for Sogn og Fjordane symfoniorkester, i tillegg til at det vert lagt til rette for at større profesjonelle orkester og utøvarar kan ha ei desentralisert konsertverksemd. Regionale og kommunale tilskotsordningar for skaparar og utøvarar av musikk, arrangement og festivalar vert også nemnde.

Planen nemner vidare Opera Nordfjord som sidan starten i 1998 har vore ein viktig del av scenekunsttilbodet i Sogn og Fjordane. Operaen har bygt seg opp i eit omfattande samarbeid mellom profesjonelle og frivillige krefter, og distriktsmusikarane utgjer kvart år kjernen i operaorkesteret, saman med frilansmusikarar og dyktige lokale krefter. Dette er i samsvar med målsetjinga om å leggje til rette for samspel mellom profesjonelle og amatørar. I planen er det eit mål å sikre Opera Nordfjord sin status som distriktsopera i Vestland fylke. Opera Nordfjord har etterkvart eit solid publikum i fylket.

Distriktsmusikarane har også vore involverte i andre operasatsingar i regionen, som Åmot Operagard og Kinnaspelet. Sistnemnde er eit av dei mest kjende historiske spela i Sogn og Fjordane. Spelet er eit godt døme på samarbeid mellom profesjonelle og amatørar, med ringverknader både lokalt og regionalt.

Nokre av distriktsmusikarane underviser på Firda vidaregåande skule som gir tilbod der unge sjølve kan utvikle seg som utøvarar innan både musikk og scenekunst, og planen har ei målsetjing om å styrke eit godt utdanningstilbod innan musikk, dans og drama i det nye fylket.

## **2.2 Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025**

Planen legg til grunn at Hordaland har eit spesielt ansvar for å føre vidare og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiserte kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare. Mykje av materialet i tradisjonsarkiva er lite tilgjengeleg, trass i at det har stor verdi for forskning, formidling og undervisning. Det er behov for å setje i gang eit arbeid for å sjå på korleis ein kan gjere arkivmaterialet meir tilgjengeleg for brukarane, og å samordne materialet i desse arkiva med tradisjonsmateriale frå resten av landet. Planen slår fast at alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk av høg kvalitet. Dette vil også gjelde på kulturarvfeltet.

Planen slår vidare fast at fylkeskommunen skal legge til rette for vekst i det frie profesjonelle kulturlivet og institusjonane. Ein ser at felles løysingar og grenseoverskridande samarbeid kan vere ein god veg å gå, og at *«fylkeskommunen ønskjer å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode»* (s. 48).

Det er eit mål at fylkeskommunen skal ha ein kulturpolitikk som legg til rette for at det skal vere råd å leve som kunstnar overalt i fylket. I tidlegare Hordaland budde i underkant av 80 prosent av alle profesjonelle kunstnarar i Bergen.

Kulturformidling er ei av dei viktigaste grenseflatene mellom muskarordningane og musikklivet i fylket. I Hordaland sin plan vert ikkje fylkesmuskarordninga eller distriktsmusikarane nemnde særskilt, men ei rekkje formuleringar i planen støttar direkte og indirekte opp under desse ordningane som representerer ein viktig kompetanse i distrikta. Planen seier at det er avgjerande at kulturkompetansen i kommunane vert halden oppe, og at kommunane har ein aktiv og framtidretta kulturpolitikk, støtta av fylkeskommunale tiltak. Det regionale samarbeidet må styrkast gjennom å skape fellesløysingar mellom kommunar. Kulturpolitikken skal legge til rette for at det profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal kunne styrke sin eigenart, og fremje samarbeid og fellesløysingar. Utvikling av partnerskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar vil vere eit viktig verkemiddel for bygging og utveksling av kompetanse.

«Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025» og «Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027» har eit felles mål om eit profesjonelt og variert musikktilbod i fylket, og understrekar fylkeskommunen sitt ansvar for å ta vare på folkemusikken og tradisjonsdansen på Vestlandet.

## **2.3 Kulturlova**

Kulturlova gjev retningsliner for kulturfeltet i samsvar med UNESCO-konvensjonen frå 2005. Føremålet med lova er å klargjere at dei offentlege styresmaktene har ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Fylkeskommunen og kommunen skal syte for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt. Lova seier vidare at det offentlege på alle nivå skal sikre føreseielege utviklingskår og sikre profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbod og -aktivitetar.

### 3 Fylkesmusikarordninga

#### 3.1 Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane

vart oppretta i 1989, og er fylkeskommunen si musikarordning retta mot folkemusikk. Dei tre fyrste åra fekk ordninga tilskot frå Norsk kulturråd. Målsetjinga har vore å ta vare på og vidareformidle folkemusikktradisjonane i fylket. Dette inkluderte også dans. Det vart oppretta fem stillingsheimlar fordelte på seks musikarar på det meste, på instrumenta hardingfele, trekkspel, vanleg fele og vokal folkemusikk. Eit år var det også tilsett ein folkedansar. Fylkesmusikarane hadde arbeidsoppgåver innan instruksjon/opplæring/undervisning og ein tilsvarande utøvardel i stillingane, slik som for distriktsmusikarstillingane.

Dei fylkestilsette folkemusikarane har produsert ei rekkje konsertprogram for ulike målgrupper, ma. innan den tidlegare skule- og barnehagekonsertordninga og DKS i tillegg til offentlege konsertar og turnear. Musikarane har samarbeidd med frivillig og profesjonelt musikkliv, td. spelemannslag, Teater Vestland og Førdefestivalen. Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane var også på ulike utlandsoppdrag, m.a. i Botswana, Frankrike og Polen, og dei har gjort fleire CD-innspelningar og produsert læreverk.

Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane hadde tildels høge inntektskrav knytt til stillingane. Inntekter frå instruksjon og undervisning utgjorde hovuddelen av denne finansieringa. Fylkeskommunen har også stilt ein administrativ ressurs til rådvelde, knytt til stillinga som fylkesmusikkleiar. Fylkesmusikarordninga vart etter ein evalueringsprosess vedteken omorganisert til distriktsmusikarstillingar (jf. HK-sak 34/10, 21/12, 54/12 og 38/13), dette for å kunne ta vare på og vidareutvikle folkemusikken i fylket i eit framtidretta perspektiv, integrere folkemusikk i kulturskulane og leggje til rette for nyskaping og samarbeid på tvers av sjangrar. I dag er det soleis fem folkemusikkstillingar innan distriktsmusikarordninga fordelte på vertskommunane Gloppen, Lærdal, Sogndal og Sunnfjord i tillegg til dei andre distriktsmusikarstillingane. Det er igjen éi 50 prosent stilling som fylkesmusikar frå ordninga i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### 3.2 Fylkesmusikarordninga i Hordaland

vart oppretta i 1992. Fire musikarar vart tilsette, tre på hardingfele og éin på kveding. Fylkesmusikarane i Hordaland har ikkje hatt noko inntektskrav knytt til stillingane. Musikarane har heller ikkje hatt fast undervisning i kulturskulane slik som i Sogn og Fjordane, men ein fast del av stillingane har vore knytt til ulike arkiv. 25% av fire stillingar var finansiert av Hardanger folkemuseum på Utne (2 stillingar), Arne Bjørndals samling i Bergen og Ole Bull Akademiet på Voss. Dette førte til ein nærleik til arkivmateriale som vart nytta i ei rekkje prosjektsatsingar, m.a. gjennomføring av folkemusikkveker i mange kommunar og ulike konsertprosjekt med t.d. aktiv deltaking av skuleborn i store delar av Hordaland. Musikarane har teke del i ulike prosjekt og konsertsatsingar både i inn- og utland, m.a. i Wales og Skottland. I tillegg har dei også gjort fleire CD-innspelningar. Fylkesmusikarordninga i Hordaland retta seg også mot museum, og produserte m.a. ei rekkje program som vart framførte på mange turnear med hardangerjakta «Mathilde». På 2000-talet samarbeidde fylkesmusikarane i Hordaland med fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane om prosjektet «I same båt», som vart gjennomført med tre parallelle program på «Mathilde» med turnear i

både Hordaland og Sogn og Fjordane, der musikarane i dei to fylka samarbeidde på tvers av både grupper og fylkesgrenser.

Hordaland fylkeskommune gjekk i 2016 inn med midlar i hardingfela.no, ei felles satsing for å styrke hardingfela sine vekstvilkår initiert av Ole Bull Akademiet og Voss og Hardanger Museum. Samstundes etablerte Hordaland fylkeskommune ei stipendordning med føremål å styrke folkemusikk og folkedans, spesielt rekrutteringa og verdikjeda innan tradisjonsfeltet. I fylkesmusikarordninga i Hordaland er det no éi 100 prosent stilling att. Éi 50 prosent stilling står vakant.

Oppsummert er det i dag tilsett to fylkesmusikarar i Vestland fylkeskommune, med ein samla stillingsressurs tilsvarande 1,5 fulle stillingar. I tillegg står ei halv stilling vakant.

## **4 Distriktsmusikarordninga**

I Hordaland er i dag distriktsmusikarordninga knytt til Voss kommune. Ordninga omfattar m.a. undervisning i kulturskulen. Utøvardelen er knytt til deltaking i lokale DKS-prosjekt og medverknad i orkesteret Fossegrimen forutan anna konsertverksemd. Fylkeskommunen yter tilskot til distriktsmusikarane på Voss etter årleg søknad. Distriktsmusikarane på Voss består av fire stillingar i varierende stillingsprosent.

Distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane har sidan opprettinga i 1987 tilført fylket profesjonelle muskarressursar. Fylkeskommunen samarbeidde med vertskommunane og Rikskonsertane om å opprette ordninga, som var ei oppfylging av regionsmusikarordninga. Etter fire år fall Rikskonsertane sin del av finansieringa bort, og vertskommunane og fylkeskommunen overtok det økonomiske ansvaret for stillingane. I starten var det 12 musikarar som var tilsette i tre grupper, sidan vart dette utvida til 16 fordelte på fire vertskommunar. Etter at ordninga fekk tilført fem folkemusikkstillingar jf. omorganiseringa av fylkesmusikarordninga, er det i dag tilsett 20 musikarar i heile stillingar, fordelte på vertskommunane Sunnfjord (åtte stillingar), Gloppen (seks), Sogndal (fem) og Lærdal (éi).

Ei distriktsmusikarstilling består av 50% undervisning og 50% utøving. Vertskommunane finansierer i dag 75% av kvar stilling og fylkeskommunen 25%. Fylkeskommunen sin del er øyremerka halvparten av utøvardelen. Samarbeidet med vertskommunane er nedfelt i ein avtale som gjeld i perioden 2019 -2024.

### **4.1 Utøvardelen**

Gjennom fylkeskvoten yter distriktsmusikarane utøvartjenester til m.a. Opera Nordfjord, Teater Vestlandet, Førdefestivalen, Gloppen Musikkfest, lokale og regionale orkester, t.d. Sogn og Fjordane symfoniorkester og andre arrangørar som ulike kor. Distriktsmusikarane i er viktige i samarbeidet med frivillig sektor, og er soleis viktige bidragsytarar og miljøskaparar på sine respektive fagfelt. I tillegg er distriktsmusikarane ein ressurs for andre profesjonelle aktørar.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er eit viktig arbeidsfelt for både frilansmusikarar og distriktsmusikarar. Dei siste 30 åra har det vorte produsert talrike konsertar innan alle sjangrar og uttrykk innan skulekonsertordninga, barnehagekonsertordninga og DKS.

Statistikken syner at i Sogn og Fjordane var det i perioden 1992-2000 omlag 60% distriktsmusikar- og fylkesmusikarproduksjonar innan skule- og barnehagekonsertordninga, og 40% frilansmusikarproduksjonar. I løpet av perioden 2000-2018 vart fordelinga snudd slik at omlag 60% av produksjonane var med frilansutøvarar og 40% med distriktsmusikarar/fylkesmusikarar. Etter at skule- og barnehagekonsertane vart lagde ned og Rikskonsertane vart omorganisert til Kulturtanken, har talet på reine musikkproduksjonar i DKS gått ned.

#### **4.2 Undervisningsdelen**

Distriktsmusikarane underviser i kulturskulane og på musikklinja ved Firda vidaregåande skule, og dei instruerer korps, kor og spelemannslag. Opplæring er eit viktig satsingsområde for fylkeskommunen, og gjennom støtta til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen med på å leggje til rette for at barn og unge skal få ei opplæring innan musikk med høg kvalitet. Dei vidaregåande skulane med undervisningstilbod innan musikk, dans og drama fangar opp unge med bakgrunn i amatørkultur i kommunane, der mange av distriktsmusikarane underviser og er ressurspersonar både når det gjeld instrumental- og vokalopplæring og ved større oppsetjingar der barn og unge er involvert.

#### **4.3 Prøvespel**

Ei viktig årsak til at satsinga på distriktsmusikarstillingar i Sogn og Fjordane har vore vellukka er at det vert gjennomført prøvespel, dette gjeld både faste stillingar og vikariat. Dette sikrar at kvalifikasjonsprinsippet vert ivareteke. Fylkeskommunen og aktuell vertskommune samarbeider om å arrangere prøvespel. Vertskommunen organiserer prøvespelet lokalt, og fylkeskommunen stiller med eigen representant i tillegg til ekstern fagsensor. Juryen består elles av representant for administrasjonen i vertskommunen, rektor i kulturskulen, representant for distriktsmusikarane og tillitsvald. Prøvespelet består av fleire delar: 1) sjølvvald del, 2) samspel med ein eller fleire av dei andre distriktsmusikarane, 3) minikonsert for ei gruppe born og 4) prima vista-oppgåve. Prøvespelet vert så fylgt opp av eit intervju. Både fylkeskommunen og vertskommunane har gode erfaringar med dette. Prøvespel er eit viktig verkemiddel for å sikre høg kvalitet i distriktsmusikarordninga.

### **5 Fylkeskvoten**

Fylkeskvoten er ei ordning der distriktsmusikarane i Sogn og Fjordane vert stilte til disposisjon for regionale tiltak etter søknad til fylkeskommunen (jf. pkt 4.1). Ordninga omfattar 10 dagar pr. musikar pr. semester, har eksistert sidan 1993, og er forankra i samarbeidsavtalen mellom fylkeskommunen og vertskommunane. Søknadsfrist er 1. oktober og 1. april. Arrangørane som får tildelt kvote betaler ikkje honorar, men må dekke reise, diett og overnatting til medverkande musikarar. Ved løyving av delvis fylkeskvote vert arrangøren fakturert av aktuelle vertskommunar for overskytande dagar etter sats. For at fylkeskvoten ikkje skal kome i konflikt med ordinært sal av utøvartenester frå distriktsmusikarane vert det stilt krav om framføringar i minst to kommunar. Dette gjeld likevel ikkje dersom prosjektet har ei regional eller nasjonal interesse. Vidare må fylkeskommunen synleggjerast på plakatar og ved annonsering.

## 6 Arenaer for samarbeid

Produksjon og formidling av kunst og kultur skjer i offentleg, frivillig og privat regi, på ei rekkje ulike arenaer og med mange involverte. Det er soleis mange arenaer for samarbeid og samhandling mellom det frivillige og profesjonelle musikklivet. For distriktsmusikarordninga (og fylkesmusikarordninga) gjeld dette samarbeidet t.d. kor, korps, spelemannslag og orkester. Ung Kultur Møtest (UKM) er også ein arena for slikt samarbeid, særskilt når det gjeld å vere ein ressurs for unge utøvarar.

Det er gjort framlegg om etablering av eit samarbeidsorgan som skal kunne koordinere deler av det profesjonelle og det frivillige feltet. Fylkeskommunen vil kunne greie ut behovet for eit slikt samarbeidsorgan, og samstundes vurdere kva samansetjing eit slikt organ bør ha.

## 7 Verkemiddel og stønadsordningar

Hordaland fylkeskommune etablerte i 2016 ei stipendordning knytt til folkemusikk og folkedans. Det må vurderast i kva grad ei utvida stipendordning møter behovet på feltet. Fylkeskommunen har inntrykk av at dagens stipendordningar fungerer godt, og innspela frå organisasjonane tyder på at behovet for fleire musikarstillingar i distrikta er større enn behovet for ei utvida stipendordning. Likevel er det avgjerande at både stipend- og andre støtteordningar kjem alle delar av fylket til gode.

## 8 Arkiv

Kulturarven vår er grunnleggande for utvikling av identitet og tilhøyrse, og representerer soleis sentrale verdiar som vi må ha med oss når vi arbeider for fellesskap og trivsel i lokalsamfunna. Inspirasjon frå materiell og immateriell kulturarv ligg bak mykje av den skapande verksemda og formidlinga som skjer i fylket.

Arkivinstitusjonane sine oppgåver er å sikre, bevare og gjere tilgjengeleg dokument som er skapte i og av samfunnet vårt. Ein heilskapleg og samla samfunnsdokumentasjon omfattar også kulturhistoria i form av immaterielle kulturminne, som handlingsboren kunnskap og tradisjonelle kulturuttrykk.

I Vestland fylke er det fleire typar institusjonar i ulike sektorar som forvaltar tradisjonsmusikksamlingar, og desse samlingane har stor verdi for forskning, formidling og undervisning: Det tidlegare Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (no seksjon arkiv), Hardanger folkemuseum (Hardanger folkemusikksamling), Universitetet i Bergen (Arne Bjørndals Samling) og Ole Bull Akademiet (Osa-samlinga). Som nemnt i pkt. 3.2 hadde fylkesmusikarstillingane i Hordaland fylke i utgangspunktet 25% av arbeidet sitt ved institusjonane ovanfor, men i dei seinare åra har denne ressursen til forvaltning av tradisjonsmusikksamlingane vorte bygd ned. Generelt er det ei utfordring at stillingsressursar disponerte til forvaltning av tradisjonsmusikksamlingar er bygde ned over tid.

### **8.1 Kompetansekrav**

På grunn av krav til ein samansett spesialkompetanse er det ein føremon at arbeidet med å sikre, bevare og gjere tilgjengeleg dokumentasjon av tradisjonelle musikk- og dansepraksisar vert teke i vare av arkivaren. Sjølv om utøvarkompetansen på folkemusikkfeltet omfattar både tradisjonskunnskap og folkemusikkhistorie som er verdfull for tradisjonsmusikksamlingane, vil det likevel vere uheldig om utøvaren skal erstatte arkivaren.

Samstundes er det viktig å peike på at folkemusikaren høyrer til tradisjonsmusikksamlingane si største brukargruppe, og svært mange av dagens folkemusikarar brukar historisk kjeldemateriale frå samlingane som utgangspunkt for si verksemd som utøvarar og pedagogar. Gjennom å tolke og løfte fram materiale som av ulike årsaker har gått ut av bruk i den levande tradisjonen det har vore del av, gjev folkemusikarane nytt liv til materialet. Denne praksisen synest å vere så godt etablert at det truleg ikkje vil vere naudsynt å formalisere at folkemusikaren sitt arbeid i ei muskarordning skal vere knytt til ei eller fleire samlingar.

## **9 Sjangermangfald**

I dag er klassisk og folkemusikk godt representert blant distriktsmusikarane. Improvisatoriske og rytmiske (pop/rock/jazz) sjangrar er ikkje formelt representerte, sjølv om nokre av musikarane også arbeider innan desse sjangrane. Dersom ein skal legge til rette for at distriktsmuskarordninga skal omfatte fleire rytmiske sjangrar i tillegg til den siste utvidinga med folkemusikk, må ein kartlegge behovet, t.d. ved kulturskulane i tillegg til at ein må undersøke om det er mogleg med samarbeid på tvers av kommunegrenser. Innspela frå organisasjonane tyder ikkje på at dette er stort behov, derimot vert det peika på eit klart behov for stillingar innan folkedans.

## **10 Mottekne innspel**

Fylkeskommunen sende i framkant av drøftingsmøtet torsdag 27. august 2020 ut nokre punkt til drøfting. Dette gjekk på ulike tilnærmingar til vidareutvikling av muskarordningane. Punkta baserte seg m.a. på moment som kom fram på innspelsmøtet 27. mai 2020.

- Kartlegge interessa for ei eventuell utviding av distriktsmuskarordninga.
- Omorganisere distriktsmuskarordninga sin fylkeskvote slik at den kan fungere som ein ressurs for heile Vestland fylke.
- Ulike alternativ for omorganisering av fylkesmuskarordninga:
  1. Integrering i eksisterande distriktsmuskarordning slik at det vert etablert nye distriktsmuskarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt.
  2. Omgjering av lønsmidlar til utviding av eksisterande stipend- eller prosjektstønadordning øyremerkta folkemusikk.
  3. Eventuelt ein kombinasjon av 1) og 2).
- Legge til rette for etablering av nye arenaer for samarbeid, td.:
  1. Samarbeidsorgan for det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet.



2. Samarbeidsorgan for arkiv og museum med folkemusikken og den immaterielle kulturarven som arbeidsområde.

- Kartlegging av behov for ei meir omfattande evaluering av muskarordningane.
- Resultatet av utgreiingsarbeidet vert integrert i ny kulturplan for Vestland fylke.

Det er motteke tre skriftlege innspel, 1) Vestland musikkråd, 2) Sogn og Fjordane folkemusikklag og 3) felles innspel frå Voss herad, Ullensvang kommune, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no (sjå vedlegg). Synspunkt kom også til uttrykk i begge møta (sjå vedlagde referat), og dei samla problemstillingane inngår i saksutgreiinga.

### **10.1 Vestland musikkråd**

Vestland musikkråd (VMR) gjev uttrykk for at muskarordningane er viktige for eit rikt musikkliv i Vestland fylke og ein viktig føresetnad for rekruttering og talentutvikling, i tillegg til at fylkes- og distriktsmuskarane er ressurspersonar for det frivillige musikklivet. VMR ynskjer ei utviding av distriktsmuskarordninga, og legg til at dagens modell med 50/50 undervisning og utøving bidrar til å styrke musikklivet på fleire plan. Dei meiner at samarbeidet med det frivillige musikklivet kan bli endå betre enn i dag, og gjer framlegg om oppretting av eit samarbeidsorgan som kan bidra til dialog mellom det profesjonelle og frivillige musikklivet. VMR meinte vidare at det kan vere behov for ein heilskapleg strategi for folkemusikk og folkedans, som bør inngå i den nye kulturplanen for Vestland fylke, og behovet for tilgang på profesjonelle musikkrefter i dei regionale symfoniorkestra vart også framheva.

### **10.2 Sogn og Fjordane folkemusikklag**

Sogn og Fjordane folkemusikklag stiller seg positive til muskarordningane. Folkemusikklaget ynskjer ikkje at stillingane skal vere koplå til arkiv, slik fylkesmuskarordninga var organisert i tidlegare Hordaland. Dei grunngjev dette med at arkivfaget krev eigen kompetanse, og at ei slik kopling kan svekke fokuset på rekruttering. Folkemusikklaget ser positivt på at fylkesmuskarordninga kan styrke kulturskulane gjennom nye distriktsmuskarstillingar, men ynskjer også ei sterkare merksemd på folkedansen som dei meiner må inn i diskusjonen. Folkemusikklaget har som mål at det bør vere to distriktsmuskarar med folkemusikk som arbeidsfelt i kvar region (Nordfjord, Sunnfjord, Indre og Ytre Sogn, Sunnhordland, Midthordland, Nordhordland, Hardanger og Voss).

### **10.3 Notat frå Voss, Ullensvang, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no**

Dette felles innspelet tek utgangspunkt i dei problemstillingane som vart sende ut før møtet. I innspelet vert det tatt til orde for ei utviding av distriktsmuskarordninga som skal bidra til å utjamne skilnadene mellom tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland når det gjeld muskarordningane. Dei meiner at dei gode erfaringane med distriktsmuskarordninga i Sogn og Fjordane kan vere eit godt utgangspunkt for at fleire kommunar i regionar lenger sør i fylket skal kunne etablere distriktsmuskarstillingar, noko ein kan få til gjennom synleggjering av korleis desse stillingane kan nyttast i m.a. DKS-produksjonar, sal av speleoppdrag, rekrutteringsarbeid, kursverksemd og produksjon av framsyningar. I innspelet vert det også gjort framlegg om at fleire kommunar kan gå saman om å etablere slike stillingar, slik mange gjer i dag når det gjeld lærarkrefter i kulturskulen. Det vert ytra ynskje om at

fylkesmusikarordninga på sikt vert integrert i eksisterande distriktsmusikarordning som nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Det vert også spesifisert at to av stillingane bør øyremerkast folkedans, éi stilling i nord (t.d. Sunnfjord) og éi i den sørlege delen av fylket (t.d. Voss).

Det er behov for ein eigen stillingsressurs i samband med etablering av samarbeidsorgan for det profesjonelle og frivillige musikklivet, og i notatet vert moglege arbeidsfelt i eit slikt organ drøfta, m.a. kan organet tilleggst ein koordineringsfunksjon for fordeling av fylkeskvoten. Det ikkje er ynskjeleg at ressursane i eksisterande fylkesmusikarordning skal gjerast om til stipend, då eksisterande stipendordningar fungerer godt.

#### **10.4 Vurdering av innspela**

Av innspela går det fram at musikarordningane vert vurderte som viktige for musikklivet i fylket, og at det er eit ynskje om at eksisterande distriktsmusikarordning vert utvida til nye vertskommunar i Hordaland. Innspela legg vekt på folkedans som eit viktig uttrykk som bør inkluderast som eiga stilling, i tillegg til behovet for fleire folkemusikkstillingar i heile fylket. Sogn og Fjordane folkemusikklag skisserer t.d. eit behov for to folkemusikarar pr. region. Reknar vi med sju regionar, ser vi at folkemusikklaget skisserer eit behov for til saman 14 distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Dette er ni fleire enn dei fem distriktsmusikarstillingane innan folkemusikk som vi har i dag. Regjeringa er i ferd med å utarbeide ein strategi for folkemusikk og folkedans, og har bede om innspel på denne. Det er naturleg å sjå behovet for styrking av desse områda i vårt fylke i ein slik samanheng.

Det er gjort framlegg om å etablere to nye samarbeidsorgan med tanke på samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikkliv, og eit samarbeidsorgan retta mot arkiv og museum. Ingen av innspela tilrår arkiv som arbeidsfelt for eventuelle nye distriktsmusikarstillingar.

### **11 Vidareutvikling av musikarordningane - vurdering**

#### **11.1 Distriktsmusikarordninga**

Målet med ei vidareutvikling er å leggje til rette for eit profesjonelt og variert musikktilbod av høg kvalitet og til ulike målgrupper i heile fylket. Distriktsmusikarordninga representerer i dag eit slikt tilbod for Sunnfjord, Nordfjord og Sogn, og distriktsmusikarane på Voss yter tenester for Voss herad med ein annan finansieringsmodell. Fylkeskommunen har registrert interesse for å utvikle distriktsmusikarordninga frå Voss herad i samarbeid med andre aktørar i Voss og Hardanger, og eit fyrste steg vil soleis vere å greie ut ei eventuell utviding av distriktsmusikarordninga til Voss, med tilsvarande vilkår som i tidlegare Sogn og Fjordane.

Mange av distriktsmusikarane underviser både i vidaregåande opplæring og i kulturskulen. Dei vidaregåande skulane har mykje å seie når det gjeld å leggje til rette for vidare utdanningsløp innan kunst og kultur, og dei kulturpolitiske målsetjingane stadfestar vidare satsing og utvikling på dette området, noko som understrekar behovet for kompetanse på programfagområdet musikk, dans og drama. Musikarordningane vil også kunne styrke rekruttering inn mot kulturskulane og musikklinjene på dei vidaregåande skulane, kulturskulane, UKM, DKS m.m. På den måten vil musikarordningane kunne vere med på å styrke syklusen *utøving-formidling-rekruttering-opplæring-talentutvikling*.

Rikskonsertane som ein av premissleverandørane for ordninga var med på å legge rammene kring formidlingsoppgåvene til distriktsmusikarordninga gjennom skulekonsertordninga, i tillegg til delfinansiering av ordninga dei fyrste åra. I dag er skulekonsertordninga og barnehagekonsertordninga lagde ned, og musikktilbodet innan DKS redusert. Dette har ført til behov for distriktsmusikarproduksjonar med musikk kombinert med andre sjangrar innan DKS-tilbodet.

Samarbeidet mellom frilansmusikarar, distriktsmusikarar og frivillige musikkrefter finn ein mange døme på i ulike orkesterprosjekt, der frilansutøvarar er viktige føresetnader for å dekke behovet for instrument som ein i dag ikkje er tilgjengeleg innan distriktsmusikarordninga.

Dersom distriktsmusikarordninga vert utvida, kan storleiken på ordninga gjere det naturleg å stille krav om utvida planleggingshorisontar med tanke på strategisk vidareutvikling av ordninga. Det kan omfatte både langsiktige og kortsiktige mål, planlegging av større fellesprosjekt, tidsplan for ei ev. ytterlegare utviding til fleire vertskommunar eller andre instrument eller arbeidsfelt. I tillegg til at folkedans vert framheva som eit satsingsområde, er det også kome fram at det er svak rekruttering på orkesterinstrument som obo, fagott, kontrabass eller horn, noko som har konsekvensar for orkestersatsing i distrikta. Utfordringa her er undervisningsdelen, der elevgrunlaget ofte ikkje er tilstrekkeleg til å fylle stillingane. Ei vidareutvikling av ordninga vil stille krav om ytterlegare utgreiingar på dette området.

Fylkeskommunen ser det som viktig at distriktsmusikarordninga vert styrkt fagleg gjennom produksjonsressursar, samlingar og kurs, og tek sikte på eit utvida samarbeid med kommunane for å få dette til.

### **11.2 Fylkesmusikarordninga**

Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å ta vare på og vidareutvikle folkemusikken og tradisjonsdansen på Vestlandet. Fylkesmusikarordninga har i dag to tilsette, fordelt på hardingfele/fele/dans og vokal folkemusikk i til saman 1,5 stilling. I tillegg står ei halv stilling vakant. Utifrå organisasjonane sine innspel er ikkje dette tilstrekkeleg for å dekke behovet. Dette gjeld både folkemusikk og folkedans. I Sogn og Fjordane er fylkesmusikarordninga omorganisert og integrert i distriktsmusikarordninga. Ei slik løysing kan vere aktuell for dei samla ressursane i fylkesmusikarordninga i Vestland, altså at eksisterande fylkesmusikkstillingar vert fasa over i distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Då vil ein kunne dekke opp behovet for stillingar innan folkemusikk og folkedans slik behovet er skildra av t.d. Sogn og Fjordane folkemusikklag. Ei slik løysing må vurderast på sikt, m.a. på grunn av behovet for å få kartlagt interessa i kommunane.

### **11.3 Utviding av fylkeskvoten**

Fylkeskommunen vurderer det som ynskjeleg å utvide fylkeskvoten til å gjelde heile Vestland fylke. Ei utviding vil kunne føre til utfordringar med omsyn til m.a. reisetid og arbeidstid, dette på grunn av store avstandar. Det vil òg kunne medføre auka kostnader for arrangørane som etter avtalen dekker reise, diett og opphald. Ein meiner likevel at fylkeskvoten er ei ordning som bør vere tilgjengeleg for satsingar i heile fylket.

#### **11.4 Økonomi**

Fylkeskommunen sitt tilskot til distriktsmusikarstillingane (25%) utgjer i dag omlag 175.000 kr pr. år pr. stilling, og kommunane sin del (75%) utgjer omlag 525.000 kr pr. år pr. stilling. Vertskommunen si finansiering av undervisningsdelen er forankra i kulturskulebudsjettet, slik at finansieringsbehovet for kommunen utover undervisningsdelen vil avgrense seg til halve utøvardelen, tilsvarande fylkeskommunen sin del.

Sidan ordninga med fylkeskvoten er ei avtalefesta gjenyting for motteke tilskot til distriktsmusikarordninga, får ikkje ei utviding av fylkeskvoten økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Samla fylkeskommunal løyving til distriktsmusikarordninga er i 2020 kr 3 942 000. Fylkesmusikarane er tilsette i fylkeskommunen og løna over ordinært lønsbudsjett.

### **12 Konklusjon**

Gjennom utgreiingsarbeidet har det kome signal at det er ynskjeleg med ei utviding av dagens distriktsmusikarordning til også å omfatte dei sørlege delane av Vestland fylke. Ei utviding av ordninga føreset samarbeid med kommunane, og interessa for å inngå samarbeidsavtalar må kartleggast.

Fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane er innlemma i distriktsmusikarordninga, og ei tilsvarande ordning for den samla ressursen i Vestland bør vurderast. Samordning av ressursane i fylkesmusikar- og distriktsmusikarordningane kan gje grunnlag for fleire stillingar i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane. Ei slik løysing kan m.a. imøtekome behovet for å styrke folkemusikken og folkedansen.

Fylkeskvoten er muskarressurs knytt til distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane. Etter fylkessamanslåinga er det naturleg at ordninga kjem heile fylket til gode. Fylkeskommunen vil òg bidra til etablering av samarbeidsorgan mellom det profesjonelle og frivillige musikkfeltet, og for arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde.

Det er fylkeskommunen si oppgåve å peike ut retning og legge til rette for samarbeid, i tillegg til å greie ut løysingar og modellar med tanke på å styrke og vidareutvikle både det frivillige og det profesjonelle musikklivet i heile Vestland. Samordning av tiltak, kompetansebygging og fordeling av verkemiddel mellom by og land vil vere sentrale problemstillingar i vidare arbeid. Vidareutvikling av musikkfeltet i fylket vert del av arbeidet med ny regional plan for Vestland.

### **13 Tilråding**

1. Fylkesdirektøren kartlegg interessa for å utvide distriktsmusikarordninga i samarbeid med kommunane i fylket.
2. Fylkeskvoten i distriktsmusikarordninga vert gjort tilgjengeleg som ressurs i heile fylket.

3. Samla ressurs i fylkesmusikarordninga vert vurdert integrert i distriktsmusikarordninga, med folkemusikk som arbeidsfelt.
4. Det vert etablert arenaer for samarbeid mellom det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet, og for arkiv og museum med folkemusikk og immateriell kulturarv som arbeidsområde.
5. Musikkfeltet vert utvikla vidare som del av arbeidet med ny kulturplan for Vestland fylke.

Vedlegg (nedanfor):

1. Referat frå innspelsmøte 27.mai
2. Referat frå drøftingsmøte 27. august

Andre vedlegg i saka:

1. Innspel frå Vestland Musikkråd
2. Innspel frå Sogn og Fjordane folkemusikklag
3. Felles notat frå Voss, Ullensvang, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no

## **Referat frå innspelsmøte om musikarordningane**

Onsdag 27. mai kl. 10-12

## Møterom Halbrend\* / digitalt møte

Jf. vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 21. april (PS 67/2020) vart det kalla inn til eit innspelsmøte om muskarordningane onsdag 27. mai.

### Desse møtte:

Kari Pavelich (Opera Nordfjord)\*  
Trude Skarvatun (Distriktsmusikarane i Sunnfjord, Kulturskulerådet)  
Roar Sandnes (Distriktsmusikarane i Sogndal)  
Tom Karlsrud (Distriktsmusikarane i Lærdal)  
Tone Støylen (Distriktsmusikarane i Gloppen)  
John Rune Ødven (Distriktsmusikarane i Gloppen)  
Oddvar Nøstdal (Distriktsmusikarane på Voss)  
Trude Letnes (Voss herad)  
Liv Ulvik (Sogn og Fjordane folkemusikklag)  
Knut David Hustveit (Sogn og Fjordane folkemusikklag)  
Åslaug Timenes Bell (Sogn og Fjordane folkemusikklag)  
Per Øyvind Tveiten (Hordaland folkemusikklag)  
Marius Dale Romslo (Vestland musikkråd)  
Per Idar Almås (Førdefestivalen)  
Jo Asgeir Lie (Ole Bull Akademiet)  
Rannveig Djønne (Ole Bull Akademiet)  
Magni Rosvold (Ole Bull Akademiet)  
Thomas Dahl (Griegakademiet)  
Åsmund Kristiansen (Hardanger folkemuseum)  
Agnete Sivertsen (Hardanger folkemuseum)  
Ronny Skaar (Vestland fylkeskommune)  
Synnøve S. Bjørset (Vestland fylkeskommune)  
Wenche Gausdal (Vestland fylkeskommune)  
Lars Grøteide (Vestland fylkeskommune)  
Siri Ingvaldsen (Vestland fylkeskommune)\*  
Øyvind Lyslo (Vestland fylkeskommune)\*

## 1 Orienteringar

Etter ei presentasjonsrunde orienterte seksjonssjef Siri Ingvaldsen fyrst om den overordna bakgrunnen for møtet. Øyvind Lyslo orienterte så om distrikts- og fylkesmuskarordningane og evalueringa av fylkesmuskarordninga, før Lars Grøteide fortalde om arbeidet i arbeidsgruppa i etterkant av evalueringa. Desse prosessane resulterte i eit politisk vedtak om at fylkesmuskarordninga i tidlegare Sogn og Fjordane skulle omorganiseras til distriktsmuskarstillingar. 5 av dei 20 stillingane har i dag folkemusikk som arbeidsfelt. I tillegg har Voss herad ei distriktsmusikargruppe med 4 utøvarar som har ei anna tilskotsordning enn distriktsmusikarane i tidlegare Sogn og Fjordane har avtale med fylkeskommunen om i dag. Seksjonssjef Ronny Skaar orienterte så om fylkesmuskarordninga i tidlegare Hordaland, ma. at ein der har utvikla ei stipendordning etterkvart som fylkesmusikarar har slutta, i tillegg til å støtte folkemusikken gjennom ulike fagmiljø som td. hardingfela.no.

## 2 Innspel

Det vart nemnt av fleire av representantane for fagmiljøa at muskarordningane er eit verdfullt tilskot til musikklivet og har mykje å seie for både det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet. Når profesjonelle utøvarar både kan vere formidlarar og drive opplæring sikrar ein rekruttering. Muskarordningane er også viktige når det gjeld talentutvikling, og sikrar profesjonelle lærekrefter i kulturskulen, vidaregåande opplæring og for det frivillige

musikklivet. På folkemusikkfeltet er det miljøskapande arbeidet viktig. Det er også viktig med eit tilbod om vidareutdanning, også innan folkedans som treng eit løft. Å legge tilhøva til rette for rekruttering er ein føresetnad for at musikken og dansen skal kunne regenerere seg sjølv (jf. ma. evalueringa av fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane). Arkivarbeidet vart også vektlagt og framheva som viktig i høve ivaretaking av den immaterielle kulturarven.

Innspela handla mykje om det folkemusikalske perspektivet, men også distriktsmusikarordninga generelt vart nemnt i mange av innspela. Det vart ma. ytra ynskje om ei utviding av den eksisterande ordninga til å kunne verte eit tilbod til potensielle vertskommunar lenger sør i fylket på same vilkår som ordninga har i dag i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.

Fylkeskvoten vart også omtala som ein viktig ressurs for musikklivet, der arrangørar kan nytte distriktsmusikarane etter søknad til større prosjekt. Det vert ikkje betalt honorar, berre reise- diett og opphaldsutgifter. Denne ordninga må også utgreiast i høve ei eventuell utviding til å omfatte heile Vestland fylke.

Det vart nemnt at det er ein del skilnader på dei tidlegare fylka og ordningane kvar for seg, men at ein har nokså like felles målsetjingar.

Vestland musikkråd hadde ei rekkje innspel som også vart sendt på e-post i etterkant av møtet. Innspela er lagt ved.

Det vert kalla inn til eit dialogmøte etter sommarferien. Møtedato vert 26. august.

Referent: Øyvind Lyslo

## Utgreiing av musikarordningane i Vestland fylke

Drøftingsmøte torsdag 27. august 2020, kl. 10-12

## Tilstades:

1	Vestland musikkråd	Marius Romslo
2	Sogn kulturskule	Roar Sandnes
3	Hardingfela.no	Magni Rosvold
4	Ole Bull Akademiet	Rannveig Djønne
5	Hardanger folkemuseum	Agnete Sivertsen
6	Voss kulturskule	Oddvar Nøstdal
7	Voss Herad	Trude Letnes
8	Norsk kulturskuleråd Vestland	Kristin Geiring
9	Sunnfjord kulturskule	Anita Höllige
10	Førdefestivalen	Sølvi Lien
11	Hordaland folkemusikklag	Per Øyvind Tveiten
12	Opera Nordfjord	Kari Pavelich
13	Sogn og Fjordane folkemusikklag	Liv Ulvik
14	Sogn og Fjordane folkemusikklag	Knut David Hustveit
15	Vestland fylkeskommune	Siri Ingvaldsen
16	Vestland fylkeskommune	Ronny Skaar (møteleiar)
17	Vestland fylkeskommune	Wenche Gausdal
18	Vestland fylkeskommune	Lars Grøteide
19	Vestland fylkeskommune	Synnøve S. Bjørset
20	Vestland fylkeskommune	Øyvind Lyslo (referent)

Forfall: Gloppen kommune, Lærdal kommune

## REFERAT

### 1 Innleiing

Drøftingsmøtet var ei oppfølging av innspelsmøtet 27. mai i samband med utgreiinga av muskarordningane i Vestland fylke. Begge møta vart gjennomført digitalt. Utgreiingssaka skal handsamast politisk i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering 15. oktober 2020.

Etter ei presentasjonsrunde oppsummerte Siri Ingvaldsen frå innspelsmøtet i mai. Tilbakemeldingane og innspela frå møtet stadfestar at muskarordningane i fylket spelar ei viktig rolle i musikklivet på mange plan, både når det gjeld opplæring, instruksjon, rekruttering og formidling.

Fylkeskommunen sende i framkant av dette møtet ut nokre punkt til drøfting. Dette gjekk på ulike tilnærmingar til vidareutvikling av muskarordningane.

- Kartlegge interessa for ei eventuell utviding av distriktsmuskarordninga.
- Omorganisere distriktsmuskarordninga sin fylkeskvote slik at den kan fungere som ein ressurs for heile Vestland fylke.
- Ulike alternativ for omorganisering av fylkesmuskarordninga:



1. Integrering i eksisterande distriktsmusikarordning slik at det vert etablert nye distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt.
  2. Omgjering av lønsmidlar til utviding av eksisterande stipend- eller prosjektstønadordning øyremerka folkemusikk.
  3. Eventuelt ein kombinasjon av 1) og 2).
1. Legge til rette for etablering av nye arenaer for samarbeid, td.:
    1. Samarbeidsorgan for det profesjonelle og det frivillige musikkfeltet.
    2. Samarbeidsorgan for arkiv og museum med folkemusikken og den immaterielle kulturarven som arbeidsområde.
- Kartlegging av behov for ei meir omfattande evaluering av musikarordningane.
  - Resultatet av utgreiingsarbeidet vert integrert i ny kulturplan for Vestland fylke.

## 2 Mottekne innspel

Det er motteke tre innspel, 1) Vestland musikkråd, 2) Sogn og Fjordane folkemusikklag og 3) felles innspel frå Voss herad, Ullensvang kommune, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no (vedlagde).

### ▪ Vestland musikkråd

Vestland musikkråd (VMR) utdjupa på møtet at musikarordningane er viktige for eit rikt musikkliv i Vestland fylke og ein viktig føresetnad for rekruttering og talentutvikling, i tillegg til at fylkes- og distriktsmusikarane er ressurspersonar for det frivillige musikklivet. VMR ynskjer ei utviding av distriktsmusikarordninga, og legg til at dagens modell med 50/50 undervisning og utøving bidrar til å styrke musikklivet på fleire plan. Dei meiner at samarbeidet med det frivillige musikklivet kan bli endå betre enn i dag, og gjer framlegg om oppretting av eit samarbeidsorgan som kan bidra til dialog mellom det profesjonelle og frivillige musikklivet. VMR meinte vidare at det kan vere behov for ein heilskapleg strategi for folkemusikk og folkedans, som bør inngå i den nye kulturplanen for Vestland fylke, og behovet for tilgang på profesjonelle musikkrefter i dei regionale symfoniorkestra vart også framheva.

### ▪ Sogn og Fjordane folkemusikklag

Sogn og Fjordane folkemusikklag stiller seg positive til musikarordningane. Folkemusikklaget ynskjer ikkje at stillingane skal vere kopla til arkiv, slik fylkesmusikarordninga var organisert i tidlegare Hordaland. Dei grunngjev dette med at arkivfaget krev eigen kompetanse, og at ei slik kopling kan svekke fokuset på rekruttering. Folkemusikklaget ser positivt på at fylkesmusikarordninga kan styrke kulturskulane gjennom nye distriktsmusikarstillingar, men ynskjer også ei sterkare merksemd på folkedansen som dei meiner må inn i diskusjonen. Folkemusikklaget har som mål at det bør vere to distriktsmusikarar med folkemusikk som arbeidsfelt i kvar region (Nordfjord, Sunnfjord, Indre og Ytre Sogn, Sunnhordland, Midthordland, Nordhordland, Hardanger og Voss). Reknar ein dette til 7 regionar, ser folkemusikklaget behov for til saman 14 distriktsmusikarstillingar med folkemusikk som arbeidsfelt, som er 9 fleire enn dei 5 distriktsmusikarstillingane innan folkemusikk som vi har i dag.

- **Notat frå Voss, Ullensvang, Hardanger og Voss museum, Ole Bull Akademiet og hardingfela.no**

Dette felles innspelet tek utgangspunkt i dei problemstillingane som vart sende ut før møtet. Dei ynskjer at ei utviding av distriktsmusikarordninga skal bidra til å utjamne skilnadene mellom tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland når det gjeld musikarordningane. Dei meiner at dei gode erfaringane med distriktsmusikarordninga i Sogn og Fjordane kan vere eit godt utgangspunkt for at fleire kommunar i regionar lenger sør i fylket skal kunne etablere distriktsmusikarstillingar, noko ein kan få til gjennom synleggjering av korleis desse stillingane kan nyttast i ma. DKS-produksjonar, sal av speleoppdrag, rekrutteringsarbeid, kursverksemd og produksjon av framsyningar. I innspelet vert det også gjort framlegg om at fleire kommunar kan gå saman om å etablere slike stillingar, slik mange gjer i dag når det gjeld lærarkrefter i kulturskulen. Det vert ytra ynskje om at fylkesmusikarordninga på sikt vert integrert i eksisterande distriktsmusikarordning som nye stillingar med folkemusikk som arbeidsfelt. Det vert også spesifisert at to av stillingane bør øyremerkast folkedans, ei stilling i nord (td. Sunnfjord) og ei i den sørlege delen av fylket (td. Voss).

Det er behov for ein eigen stillingsressurs i samband med etablering av samarbeidsorgan for det profesjonelle og frivillige musikklivet, og i notatet vert moglege arbeidsfelt i eit slikt organ drøfta, ma. kan organet tilleggast ein koordineringsfunksjon for fordeling av fylkeskvoten. Det ikkje er ynskjeleg at ressursane i eksisterande fylkesmusikarordning skal gjerast om til stipend, då eksisterande stipendordningar fungerer godt.

- **Oppsummering av innspela**

Av innspela går det fram at musikarordningane vert vurderte som viktige for musikklivet i fylket, og at det er eit ynskje om at eksisterande distriktsmusikarordning vert utvida til nye vertskommunar i tidlegare Hordaland. Innspela legg vekt på folkedans som eit viktig uttrykk som bør inkluderast som eiga stilling, i tillegg til behovet for fleire folkemusikkstillingar i heile fylket. Framlegget om å etablere to nye samarbeidsorgan med tanke på samarbeid mellom det profesjonelle og frivillige musikkliv, og eit samarbeidsorgan retta mot arkiv og museum vert godt motteke, samstundes som vi registrerer at det er delte meininger når det gjeld arkiv som arbeidsfelt for slike musikarstillingar.

### **3 Innspel og orienteringar på møtet**

- ***Distriktsmusikarordninga - todelte stillingar, tilsetjingsprosess og prøvespel***

Distriktsmusikarordninga vart oppretta i 1987 i Sogn og Fjordane og har i dag 4 vertskommunar i tidlegare Sogn og Fjordane. I tidlegare Hordaland er det ei distriktsmusikargruppe på Voss, men med ulik finansiering. Etter at fylkesmusikarordninga i Sogn og Fjordane vart omorganisert til distriktsmusikarstillingar har ordninga vorte utvida med 5 nye folkemusikkstillingar. Distriktsmusikarstillingane i tidlegare Sogn og Fjordane består av 50% undervisning og 50% utøving, og fylkeskommunen yter tilskot til halve utøvardelen, eller 25% av kvar distriktsmusikarstilling. Distriktsmusikarane på Voss fylgjer ikkje denne modellen.

På møtet vart det vist til prosedyrar for tilsetjing. Ei viktig årsak til at satsinga på distriktsmusikarstillingar i Sogn og Fjordane har vore vellukka er at det vert gjennomført prøvespel til både faste stillingar og vikariat. Dette sikrar at kvalifikasjonsprinsippet vert ivareteke. Fylkeskommunen og aktuell vertskommune samarbeider om å arrangere prøvespel. Vertskommunen organiserer prøvespelet lokalt, og fylkeskommunen stiller med eigen representant i tillegg til ekstern fagsensor. Juryen består elles av representant for administrasjonen i vertskommunen, rektor i kulturskulen, representant for distriktsmusikarane og tillitsvald. Prøvespelet består av fleire delar: 1) sjølvvald del, 2) samspel med ein eller fleire av dei andre distriktsmusikarane, 3) minikonsert for ei gruppe born og 4) prima vista-oppgåve. Prøvespelet vert så fylgt opp av eit intervju. Både fylkeskommunen og vertskommunane har gode erfaringar med dette.

På møtet vart det streka under at prøvespel er eit viktig verkemiddel for å sikre høg kvalitet i distriktsmusikarordninga. Eit anna viktig moment som vart nemnt er at dei som vert tilsett må bidra til gode miljø på sine respektive fagfelt.

- **Fylkeskvoten**

Det er ynskjeleg å utvide ordninga med fylkeskvoten til heile Vestland fylke. Fylkeskvoten er ei ordning der distriktsmusikarane vert stilt til disposisjon for regionale tiltak etter søknad. Ordninga med fylkeskvoten omfattar 10 dagar pr. musikar pr. semester, og har eksistert sidan 1993. Søknadsfrist er 1. oktober og 1. april. Arrangørane som får tildelt kvote betalar ikkje honorar, men må dekke reise, diett og overnatting til medverkande distriktsmusikarar. Ved løyving av delvis fylkeskvote, vert arrangøren fakturert av aktuell(e) vertskommune(ar) for overskytande dagar etter sats. For at fylkeskvoten ikkje skal kome i konflikt med ordinært sal av utøvartjenester frå distriktsmusikarane vert det stilt krav om framføringar i minst to kommunar. Dette gjeld likevel ikkje dersom prosjektet har ei regional eller nasjonal interesse. Vidare må fylkeskommunen synleggjerast på ma. plakatar og ved annonsering. Ved ei utviding av fylkeskvoten til heile fylket, kan reisetida verte ei utfordring.

- **Kartlegging av behov**

Når det gjeld kartlegging av behovet for ei utviding av distriktsmusikarordninga, må ein sjå på nye og eksisterande arenaer for samarbeid, både innan det profesjonelle og det frivillige musikklivet, td. når det gjeld amatørorkester eller halvprofesjonelle orkester, spelemannslag, kor og korps. Td. er det alt planar om samarbeid mellom Sogn og Fjordane symfoniorkester og orkesteret Fossegrimen på Voss.

- **Behov for styrking av fagfelt**

I tillegg til at folkedans vart framheva som eit satsingsområde, kom det fram at det er svak rekruttering på orkesterinstrument som obo, fagott, kontrabass eller horn. Utfordringa her er undervisningsdelen, der elevgrunnlaget ofte ikkje er tilstrekkeleg til å fylla stillingane. Elles vart det peika på at kulturelt samarbeid fungerer som eit «lim» i samanslåingsprosessar.

- **Musikarstillingar og arkivarbeid**

På drøftingsmøtet kom det fram problemstillingar knytt til arkiv, ma. i kva grad deler av muskarstillingar bør rettast mot arkivarbeid. Fylkesmusikarordninga i tidlegare Hordaland har vore tilknytt ulike arkiv og arkivmateriale vert ma. nytta i samband med formidlingsprosjekt. Fylkeskommunen har eit ansvar for å ta vare på og vidareutvikle tradisjonane innan folkemusikk og folkedans. Arkivmateriale er ein føresetnad for å kunne ta vare på tradisjonane samstundes som det legg til rette for vidareutvikling, ma. gjennom nyproduksjonar i festivalsamanheng eller formidling til barn og unge (Førdefestivalen, DKS). Grunnleggande arkivfaglege arbeidsoppgåver og formidlingsprosjekt treng ikkje å stå i motsetnad til kvarandre, sjølv om det kan vere skilnader i arbeidsmåte og tilnærming.

## 4 Oppsummering

Siri Ingvaldsen oppsummerte møtet med at fylkeskommunen gjennom møta i mai og i august har fått klare signal frå musikklivet om at det er ynskjeleg med ei utviding av dagens distriktsmusikarordning til tidlegare Hordaland. Det same gjeld for fylkeskvoten som utøvarressurs for arrangørar lenger sør i fylket. Det har også kome fram at folkedansen må styrkast, på grunn av at folkemusikken og folkedansen er uløyseleg knytt til kvarandre. Det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med fylkeskommunen sine innspel til regjeringa si utgreiing om folkemusikk og folkedans.

Det er fylkeskommunen si oppgåve å peike på ei retning og legge til rette for samarbeid, i tillegg til å greie ut alternative løysingar og modellar med tanke på ei styrking og vidareutvikling av både det frivillige og det profesjonelle musikklivet. Fylkeskommunen vil vurdere å bidra til etablering av samarbeidsorgan der det er behov for det.

Ronny Skaar la til at fylkeskommunen kan peike på kva som er mogleg å få til i kulturlivet, og kva som kan vere positivt når det gjeld samordning av tiltak. Strategien som skal vedtakast må ein også arbeide vidare med, det gjeld ma. å fordele kompetanse og verkemidlar mellom by og land, slik at ein kan sikre tilgang på profesjonelle musikktenester i heile fylket.

Referent: Øyvind Lyslo